





Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 441/19 - Birkeland - hovudvassleidning - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 30.03.2022. Saka gjeld søknad om ny hovudvassleidning i ei lengd på om lag 3340 meter. Leidningen skal erstatta dagens vassleidning, som er i därleg stand. Ny leidning vert lagt langs Hellandsvegen, gjennom Byrkjelandsvatnet. Vidare hovudsakleg parallelt med eksisterande vassleidning fram til Grindheimsvegen. Leidningsgrøft skal etablerast gjennom dyrka mark og skogsareal langs Radøyvegen. Vassleidning vert lagt i borehol , trase vil krysse bekk på to stadar (gbnr. 441/9 og 433/12.) Det er søkt om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen.





Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispesert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Det er vurdert at det er naturmangfaldverdiane i området. Det er mellom anna registrert ask fleire stader og fleire raudlista fugleartar. Om verknad av tiltaket står det mellom anna:

«Selv om verdien av nevnte områder er svært stor når det gjelder funksjon for hekkende fuglearter, er det vurdert at gjennomføringen av tiltaket (nytt VA-anlegg) ikke behøver å gi store negative virkninger. Gjennomføring av anleggsarbeidet i sone A og D utenom hekkesesongen vil løse det meste av de potensielle konflikter med rødlistede fuglearter. Mht dyreliv i vann er vår vurdering at gjennomføring av tiltaket i Byrkjelandsvatnet vil ha temporære, negative virkninger, dvs. at nedgraving av vannledninger vil påvirke vannmiljøet over en kort periode før dyreliv og planter reetablerer seg. Minst mulig inngrep/graving er imidlertid et råd (se avbøtende tiltak).»

Det er viktig at avbøtande tiltak i kap 7 i naturmangfaldrapporten vert følgt opp. Det må settast vilkår om dette i eit eventuelt positivt dispensasjonsvedtak.

Tiltaket vil også gå igjennom dyrka mark, og det bør settast vilkår om at anleggsarbeidet skal gjennomførast i ein periode som er minst mogleg skadeleg for drift av landbruksareala.

Kantvegetasjon

Det er uklart i kva grad tiltaket vil føre til fjerning av kantvegetasjon. Det er i utgangspunktet ikkje lov å fjerne kantvegetasjon utan løyve frå Statsforvaltaren jf. § 11 i vassressurslova. Vi viser til vår [nettseite](#) for meir informasjon om kantvegetasjon.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Vestland fylkeskommune

Postboks 5091 Majorstua
Postboks 7900

0301 OSLO
5020 BERGEN